

av Torgeir T. Garmo

Området mellom Lia i Lom og Finndalen har vist seg å vera uvanleg vanskeleg å kartlegge. Da Wilhelm Ruud fekk dette som hovedfagsoppgåve i geologi, var det såleis fleire studentar som hadde kikka på området og gjeve det opp. Under arbeidet fann Wilhelm eit par lausblokker med ein merkeleg, raud glimmer, og han gjekk ut ifrå at det måtte vera ein lepidolitt. Bergarten var vanskeleg å plassere i lagrekka (vesentleg prekambriske gneisar), men det meste av fjellgrunn er overdekt med lausmasser slik at lausblokkene likevel kunne vera lokale.

Eg trur det måtte vera hausten 68 eg fekk sjå ei av desse prøvene fyrste gongen. Denne var funnen ved eit tjern heilt inne ved Skaihø, i 1400 m høgde. På ein streiftur gjennom området den husten fann eg ingenting av interesse. Tidleg på sommaren neste år tok Arild Palmstrøm og eg for å fylgje bekkjefaret til Grøna frå skogkanten og innover snaufjellet. Dagen starta lovande, vi fann ei svær lausblokk på 15—20 kg som vi gjekk og drog på heile dagen. Meir raud stein såg vi ikkje. På NGU vart det bestemt at steinen inneheldt små mengder Mn, men ikkje spor av litium! Altså måtte det vera Mn-muskovitt! Dei neste to åra vart det mange turar i området. Etter kvart fann vi 50—60 lausblokker som vi plotta inn på kart. Her la vi også inn isens rørsleretning i området for å finne ut kor blokkene var rivne laus. Vi finkjemde området, men det var lite fjell i dagen og vi var redd at forekomsta låg under mange meter lausmasse. Eit nydyrkningsfelt opp for Vetleseter gav oss god hjelp. Her fann vi 10—15 lausblokker, og ein dag i september 1970 fann vi raude manganmineral i fast fjell nede i eit skard. Imidlertid var det svært lite av dei i forekomsta, og lausblokkene var både av betre kvalitet og spreidd 3—4 km oppover lia og vestover, direkte mot isens retning. Altså måtte det vera fleire forekomster. Ove Haug var forresten med på dette fyrste trinnet, så Hedemarken Geologiforening var representert!

Liafjellet var eit vanleg turmål denne tida, med hammar og kaffekjel. Mang ein uvitande ungdom vart lokka ut på leitetur i ur og ulende. Ein gamal mann

frå grenda fortalde meg at han hadde sett «Raud stein» i setervegen, men dette var langt under der vi fann lausblokken. Det vart likevel til at eg tok turen ned her ein dag i sept. 71. Der var det raud stein! Over alt i setervegen på eit stykke. Og — det som var viktigare — han var skårpkanta! Dette tyda på at han *ikkje* var istransportert, og forekomsta låg like i nærleiken. Neste dag var ikkje gamal då Arild og eg stilte ved Viki. Så gjekk vi profil med to hundre meters mellomrom opp lia. Brått låg det raude berget og lyste framfor meg. Eg skreik alt eg orka på Arild og banka sund eit hammarskaft. Endeleg kom han, og vi fylgde horisonten bortover. Utruleg! 200 m lang og rett ovafor stigen. Horisonten var broten av ei forkastning på kvar side, såg det ut til, og best i grensesona mot aust. Rart å stå der. 4 års leiting var slutt. Glad? Det og. Men fattigare også liksom. Kanskje det å leite stundom er finare enn å finne? Eg er glad at det ligg nye eventyr gøynde rundt meg. Forekomster eg kanskje aldri skal finne, skattar som stott skal spøkje der. Ufunne av menneske.

Fleire tusen kg thulitt er nå teki ut frå forekomsta. Det beste materialet består av rosa thulitt, kvarts, djupraude prikkar av piemontitt og kvite tremolittfibrar. Elles litt feltspat, og i storparten av forekomsta rikeleg med glimmer. Ein del av glimmeret må reknast som manganmuskovitt, elles er fylgjande mineral funne: desmin (på sprekksoner), hematitt (sjeldan), magnetitt i tunne band, pepolusitt og rutil (1 krystall). Materialet er mest alltid massivt og egnar seg godt som slipe- og trommelmateriale. Farginga er best i tunne band (1—10 cm), og horisonten er fra 1—3 m brei. Han er avdekt mest i heile området.

Forekomsten ligg i skogteigen til Viki (eigar Halvdan Ljøsne), og ein kan fylgje stigen rett opp frå her. Med vanleg marsjfarert er det 25 min. å gå. Andreas Corneliusen har drivi i forekomsta siste året og har skote ut rikeleg med materiale. Dette kan plukkast for 10 kr. pr. kg, og ein kan betale på garden eller på Fossheim.

Og — rundt i fjellet ligg nye forekomster og ventar.